

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Jostein Klette	Plannavn - Kommunedelplan for strandsona 2015 - 2025 - Osterøy kommune, Komnr - 1253, FA - L1	14/3495

Saknr	Utval	Type	Dato
084/14	Plan- og kommunalteknisk utval	PS	24.09.2014

Planprogram for kommunedelplan for strandsona 2015 - 2025 - Osterøy kommune

Vedlegg:

Rapport_kartlegging_funksjonell_strandsone[1]

PLANPROGRAM FOR KOMMUNEDELPLAN FOR STRANDSONA I OSTERØY KOMMUNE

Framlegg til vedtak:

1. **Plan og kommunalteknisk utval vedtek oppstart av arbeid med kommunedelplan for strandsona 2015-2025, PlanID 12532014007.**
2. **Planprogrammet for kommunedelplanen vert vedteken lagt ut til offentlig ettersyn, jf. Plan- og bygningslova § 11-13.**

Saksopplysningar:

Osterøy kommune har 130 km strandsoner. Topografien gjer imidlertid at berre ein mindre del av denne er tilgjengeleg for bruk til næring, friluftsliv og andre føremål. Historisk er ein stor del av den tilgjengelege strandsona bygd ut, fordi fjorden alltid har vore viktig for ferdsel og næringsliv i kommunen og det har vore naturleg å ta i bruk strandsona. Kommunen ynskjer difor å utarbeida ein strategisk og langsiktig plan for forvaltning av strandsona.

I henhold til plan- og bygningslova § 1-8 kan kommunen sjølv fastsetje ei byggjegrænse som skal erstatte 100-metersbeltet. Denne lokalt tilpassa byggjegrænsa er sett på bakgrunn av innhenta data om dei ulike verdiane i strandsona, og denne sona er kalla funksjonell strandsoner. Ved å nytte denne metodikken får kommunen ei lokalt tilpassa byggjegrænse mot sjø.

Føremålet med arbeidet er utarbeida ein arealplan som skal fungera som eit styrande dokument for arealforvaltninga i strandsona. Planen skal ivareta mulighet for friluftsliv, næringsutvikling, viktige naturverdiar og sikre innbyggjarar og andre tilgang til sjø. I tillegg skal lokalisering og tal på akvakulturlokalitetar vurderast.

Osterøy kommune har utarbeida overordna målsetningar for strandsoneforvaltninga:

- Urørt og attraktiv strandsoner for rekreasjon og friluftsliv skal sikrast.
- I nye og eksisterande byggjeområde skal det vera korridorar mot sjø slik at ålmenta har tilgong til strandsona.
- Det skal ikkje opnast for ny utbygging i strandsoner med store verdiar.
- I naustmiljø bør det etablerast fellesløysingar for bryggjer og tilflot.
- I områdesentra skal det vera eit strengt krav til intensiv arealutnytting og ålmenta sine interesser skal vektleggast særskild i desse områda.
- Det er eit mål å sikre tilstrekkeleg båtplassar i kommunen. Desse bør lokaliserast i eksisterande hamner. Nye småbåthamner må ikkje byggje ned verdifulle strandsonereale.
- Nye bustad eller fritidsbustadområde bør ikkje etablerast innan funksjonell strandsoner.

Planen vil omfatte heile kommunen si strandsoner frå sjø og 100 meter inn på land eller lengre der kartlagd funksjonell strandsoner går lenger inn. Frå strandsona og ut i sjø går planavgrensinga ut til kommunegrensa. Bakgrunnen for denne avgrensinga i sjø er at det er avsett mange område for akvakultur i sjø som går inn til land i kommunen. Det er eit ynskje om å nytte denne planen til å ta vekk dei som ikkje er i bruk og med det rydde opp i areabruken i sjø.

Planarbeidet vil byggje på eksisterande data om dei ulike interessene som gjer seg gjeldande i strandsona. Det er utarbeida ein grunnlagskartlegging som syner kvar den funksjonelle strandsona går.

Fokusområde for planarbeidet vil vera:

- Friluftsliv
- Småbåthamner og naust
- Næring/akvakultur
- Ny bruk av gamle næringsbygg i strandsona

Vurdering

For å sikre ei langsiktig og forutsigbar forvaltning av strandsona er det trong for ein plan som vurderar heile strandsona i kommunen. Dette vil gje gode rammer for å sikre verdifulle areal til friluftsliv, naturområder og badeområder. I tillegg vil det syne kvar det er mogleg å etablere småbåthamner og næring utan at det kjem i konflikt med verdifulle areal.

Det er mange akvakulturlokalitetar i i kommunen i dag. Fleire av desse er ikkje i bruk. Kommunen ynskjer å redusere talet på lokalitetar og sjå på lokaliseringa av dei gjenverande. Føremålet er å ha få men tenelege areal for næringa.

Planprogrammet legg opp til at planen i stor grad skal byggje på forstudien utført av Asplan Viak. Her er det meste av eksisterande kunnskap for strandsona i kommunen samla. I tillegg vil det vera lokale verdiar som ein antar ikkje er kartlagd enda. Planarbeidet må leggja opp til at denne informasjonen skal samlast inn.

Prosessen er detaljert skildra i planprogrammet og bør danne grunnlaget for ein god planprosess. Planprogrammet bør no handsamast politisk og leggast ut til offentleg ettersyn

Konklusjon

Rådmannen rår til vedtak om oppstart av arbeid med kommunedelplan for strandsona og at

planprogrammet vert utlagd til offentleg ettersyn.

Plan- og kommunalteknisk utval - 084/14

PL - behandling:

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

PL - vedtak:

1. **Plan og kommunalteknisk utval vedtek oppstart av arbeid med kommunedelplan for strandsona 2015-2025, PlanID 12532014007.**
2. **Planprogrammet for kommunedelplanen vert vedteken lagt ut til offentleg ettersyn, jf. Plan- og bygningslova § 11-13.**